

Reglement for finansforvaltning

Flora kommune

Vedteke av Flora bystyre den 15.6.2010

REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING

1. Finansreglementet sitt virkeområde	3
1.1 Føremål med reglementet	3
1.2 Kven reglementet gjeld for	3
2. Heimel og gyldigheit	3
2.1 Heimel	3
2.2 Gyldigheit	3
3. Forvaltning og forvaltningstypar	3
4. Føremål med kommunen sin finansforvaltning	4
5. Generelle rammer og avgrensingar	4
6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for drifts- og investeringsføremål	5
6.1. Innskott i bank	5
6.2. Plassering i pengemarknadsfond	5
6.3. Direkte eige av verdipapir	6
6.4. Felles plasseringsavgrensingar	6
6.5. Rapportering	6
7. Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og finansieringsavtaler ...	8
7.1. Vedtak om opptak av lån	8
7.2. Val av låneinstrument	8
7.3. Tidspunkt for låneopptak	8
7.4. Konkurrerande tilbod	8
7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument	8
7.6. Storleik på enkeltlån – spreining av låneopptak	9
7.7. Rapportering	9
8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva	10
9. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko	11
9.1. Risikovurdering	11
9.2. Kvalitetssikring	11

1. Finansreglementet sitt virkeområde

1.1 Føremål med reglementet

Reglementet gjev ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld for kommunen sin finansforvaltning. Tilhøyrande fullmakter, instruksar og rutinar skal vere heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar rekna til drifts- og investeringsføremål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Flora kommune. Reglementet gjeld også for verksemd i kommunale føretak etter kommunelova kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. I den grad desse verksemdene har eigen finansforvaltning, skal denne skje i samsvar med dette reglementet, eller i tilfellet med interkommunalt samarbeid, etter eit avtalt finansreglement som er godkjent av bystyret.

2. Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992, § 52.
- Ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning fastsett av KRD 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr 635).

2.2 Gyldigheit

Reglementet trer i kraft frå og med 1.7.2010. Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar bystyreperiode, og då fortrinnsvis i starten av ein slik periode. Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som bystyret eller anna politisk organ har vedteke for kommunen sin finansforvaltning.

3. Forvaltning og forvaltningstypar

I samsvar med Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning, skal reglementet omfatte forvaltning av alle av kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld).

Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for drifts- og investeringsføremål.
- Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtaler.

4. Føremål med kommunen sin finansforvaltning

Finansforvaltninga har som overordna føremål å sikre ei god avkastning, samt stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktivitetar innafør definerte risikorammer.

Dette skal ein søke å oppnå gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettar) til å dekke sine løpande forpliktingar.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, der ein tek omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje lågast moglege totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, der ein også tek omsyn til behov for føreseielege lånekostadar.

5. Generelle rammer og avgrensingar

Bystyret skal sjølv, gjennom fastsetjing av dette finansreglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jf kommunelova §52.

Reglementet skal byggje på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle markadar og instrument.

Bystyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltning, under her kva som skal reknast som langsiktige finansielle aktiva.

Rådmannen har ei sjølvstendig plikt til å greie ut og leggje fram saker for bystyret som er av prinsipiell art.

Rådmannen skal vurdere om dei forskjellige rammene og avgrensingane i reglementet til ei kvar tid er tilfredsstillande, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at finansforvaltninga vert utøva forsvarleg i høve til dei risikoar kommunen er eksponert for.

Det vert tillagt rådmannen å inngå avtaler i samsvar med dette reglementet

Det vert tillagt rådmannen å utarbeide naudsynte fullmakter/instruksar/rutinar for dei enkelte forvaltningsformer som er i samsvar med dette reglementet.

Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt nemnt lov å bruke gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i kommunen sin finansforvaltning.

Kommunen kan i sin finansforvaltning nytte seg av andre finansielle instrument, såkalla avleia instrument/derivat. Slike instrument skal vere konkret angitt under dei enkelte forvaltningsformer, og må nyttast innafør risikorammene for underliggende aktiva eller gjeld, og skal inngå ved utrekning av finansiell risiko.

Konkrete rammer for forvaltning av kommunen sine midlar til drifts- og investeringsføremål (inkl. ledig likviditet), gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva vert vidare omtalt kvar for seg.

6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for drifts- og investeringsføremål

Kommunen sine midlar til drifts- og investeringsføremål (ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal skje i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behovet for banktenester. Ved val av hovudbank skal det stillast krav om minimum internasjonal kredittrating A – eller tilsvarende kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettighet.

Kommunen sin driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar med forvaltningskapital som overstiger NOK 2 mrd.

Ledig likviditet og andre midlar rekna for drifts- og investeringsføremål, utover kva som trengs til dekking av kommunen sine løpande forpliktingar, fråtrekt estimerte innbetalningar, dei næraste 3 månader, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

6.1. Innskot i bank

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

- Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 12 månader.
- Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 50 mill.

6.2. Plassering i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjelder følgjande:

- a) Midlar kan berre plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning, og som inngår som del av velrenommert institusjon/finanskonsern.
- b) Det kan berre plasserast i fond med rentefølsemd kortare enn 12 månader.
- c) Ingen av fonda sine enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- (“investment grade”), eller dei skal vere vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarende kredittkvalitet.
- d) Porteføljen i aktuelle pengemarknadsfond kan bestå av papir med inntil 20 % BIS-vekt, under her
 - Renteberande papir utstedt eller garantert av den norske stat.
 - Renteberande NOK denominerte papir utstedt eller garantert av OECD/EØS sone A-statar *)
 - Obligasjonar med fortrinnsrett (særskilt sikra obligasjonar **)
 - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske statsføretak.

- Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
 - Renteberande papir, i form av “senior” sertifikat- og obligasjonslån, utstedt eller garantert av norske banker eller kredittinstitusjonar.
- e) Det kan ikkje plasserast midlar i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar, ansvarlege lån eller fondsobligasjonar.
- f) Det skal ikkje vere avgrensingar på uttaksretten i fonda det vert plassert i, og midlane skal alltid vere tilgjengeleg på få dagar.
- g) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 1,5 år.

*) Stat i sone A: Statar innan OECD området, samt Det europeiske økonomiske fellesskap. Statar som reforhandlar sin statlege utanlandsgjeld, skal utelukkast i eit tidsrom på 5 år.

**) Obligasjonar utstedt av kredittføretak med fortrinnsrett i ei sikkerhetsmasse bestående av offentlege lån, utlån med pant i bustad eller anna fast eigedom.

6.3. Direkte eige av verdipapir

For direkte plassering i renteberande papir gjeld følgjande:

- a) Det skal berre plasserast i renteberande papir med kortare løpetid enn 12 månader til endeleg forfall.
- b) Ingen enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- (“investment grade”) på investeringstidspunktet, eller dei skal vere vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarende kredittkvalitet.
- c) Papira kan ha inntil 20 % BIS-vekt, og kan bestå av:
- Renteberande papir utstedt eller garantert av den norske stat.
 - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske statsføretak.
 - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
 - Renteberande papir, i form av “senior” sertifikat — og obligasjonslån, utstedt eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar
- d) Det kan ikkje plasserast midlar direkte i industriobligasjonar, ansvarleg lånekapital, fondsobligasjonar, grunnfondsbevis/eigenkapitalbevis eller aksjar.
- e) Ingen enkeltplassering i renteberande papir kan utgjere meir enn NOK 10 mill. Unntatt frå denne avgrensinga er plasseringar i statspapir.

6.4. Felles plasseringsavgrensingar

Kommunen sitt samla innskot i enkeltbank/kredittinstitusjon (inkl. direkte eige av verdipapir utstedt eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltningskapital. Kommunen sin eigardel i eit pengemarknadsfond skal ikkje overstige 5 % av forvaltningskapitalen til fondet.

6.5. Rapportering

Rådmannen skal, i samband med økonomirapportering per 31. mars og 30. september, leggje fram rapportar for bystyret som syner status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar rekna for drifts- og investeringsføremål.

I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for bystyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativer/typar aktiva i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla midlar til drifts- og investeringsføremål.
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter
- Rådmannen sine kommentarar knytt til samansetting, rentevilkår/avkastning, vesentlege marknadsendingar og endring i risikoeksponering.
- Rådmannen si utgreiing og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

Rapporteringa skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

	31.12.201x-1		31.03.201x		30.09.201x		31.12.201x	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot hovudbank								
Innskot i andre bankar								
Pengemarknadsfond								
Fond 1								
Fond 2								
Direkte eige av verdipapir								
Samla kortsiktig likviditet		100 %		100 %		100 %		100 %
Avkastning sidan 31.12.201x-1				?		?		?
Avkastning benchmark (ST1X)				?		?		?
Stadfesting på at alle plasseringar er gjort med $\leq 20\%$ BIS vekt								
Stadfesting på enkelteksponering $\leq 2\%$ av forvaltningskapital								
Stadfesting på fondseksponering $\leq 5\%$ av forvaltningskapital								
Stadfesting på enkeltpapir ≤ 12 månaders løpetid								
Største tidsinnskot	NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill	
Største enkeltplassering	NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill		NOK ? mill	

ST1X er ein statssertifikatindeks med løpetid/durasjon lik 0,25 år

7. Forvaltning av kommunen sin gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

7.1. Vedtak om opptak av lån

Bystyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slikt vedtak skal som minimum innehalde:

- Lånebeløp
- Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i bystyret sitt vedtak skal det gjerast låneopptak, godkjenning av lånevilkår og anna forvaltning av kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av dette reglementet, og i tråd med bestemmingane i Kommunelova § 50 om låneopptak.

Det kan også takast opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

7.2. Val av låneinstrument

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, og livselskap.
- Det kan også leggast ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

7.3. Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle forhold i marknaden.

7.4. Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal gjerast til marknadenes gunstigaste vilkår. Det skal normalt hentas inn minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar.

Det kan gjerast unntak frå denne regelen for situasjonar der kommunen vel å legge ut sertifikat- eller obligasjonslån gjennom å gje ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat.

Prinsippet kan også fråvikast ved låneopptak i statsbank (f.eks etableringslån i Husbanken).

7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i høve til vurdering av framtidig renteutvikling, og innafor et akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ønskje om føreseielege og stabile lånekostnadar.

Forvaltninga skal skje i tråd med følgjande;

- a) Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall.
- b) Gjennomsnittleg gjenståande rentebinding (durasjon – vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal søkast til ein kvar tid å vere mellom 1 og 7 år.
- c) Minimum 1/3 av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eit år), minimum 1/3 skal ha fast rente, mens 1/3 skal vurderast ut frå marknadssituasjonen.
- d) Delen av gjeldsporteføljen som har flytande rente skal vere minimum lik sum kompensasjonsgrunnlag knytt til VAR-sektoren og rentekompensasjonsordningar.
- e) Delen av gjeldsporteføljen som har fast rente, bør fordelast i 1 til 7 års segmentet på ein slik måte at kommunen får lågast mogeleg refinansieringsrisiko.
- f) I ein normalsituasjon og som ein benchmark skal den samla gjeldsporteføljens vekta renteløpetid vere 3 år.

For å oppnå ynskja rentebinding, er det høve til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast med føremål å endre renteksponeringa for kommunens lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal vere at ein totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt, tilseier at slik endring er ynskjeleg.

Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finansforvaltninga, og utrekningar under punkt b) skal inkludere FRA- og SWAP - kontraktar. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje. Det skal berre nyttast større bankar med godt dokumentert erfaring innanfor dette området som motpart ved slike kontraktar.

7.6. Storleik på enkeltlån – spreing av låneopptak

Forvaltninga skal skje i samsvar med følgjande:

- Låneporteføljen skal bestå av færrest mogelege lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.
- Enkeltlån skal ikkje utgjere meir enn 25 % av kommunens samla låneportefølje.
- Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.

7.7. Rapportering

Rådmannen skal i samband med økonomirapporteringar per 31. mars og 30. september rapportere på status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang rapportere til bystyret med omsyn til utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

For gjeldsforvaltninga skal det rapporterast om følgjande:

- Opptak av nye lån (inkl. avtaler om finansiell leasing) så langt i året
- Refinansiering av eldre lån så langt i året
- Samansetning av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva (i NOK og %)
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår (benchmark)

- Rådmannen sine kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, gjenstående rentebinding og rentevilkår i forhold til kommunen sin økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt førestående finansierings-/refinansieringsbehov.
- Rådmannen sine kommentarar og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

Rapporteringa skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

	31.12.201x-1			31.03.201x			30.09.201x			31.12.201x		
	Mill NOK	%	Dur.	Mill NOK	%	Dur.	Mill NOK	%	Dur.	Mill NOK	%	Dur.
Lån med pt rente												
Lån med NIBOR basert rente												
Lån med fast rente												
Rentebyteavtaler:												
Avtaler med motteke renter		-										
Avtaler med avgjevne renter		+										
Finansiell leasing												
Samla langsiktig gjeld		100 %			100 %			100 %			100 %	
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.201x-1				?			?			?		
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)				?			?			?		
Tal løpande enkeltlån												
Største enkeltlån	NOK ? mill			NOK ? mill			NOK ? mill			NOK ? mill		

ST4X er ein statsobligasjonsindeks med løpetid/durasjon lik 3 år

8. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

Flora kommune har ikkje midlar som vert definert som langsiktige finansielle aktiva, og har dermed heller ikkje rammer for plassering av slike midlar.

Dersom kommunen på eit framtidig tidspunkt har til føremål å etablere forvaltning av langsiktige finansielle aktiva, vil dette finansreglement bli oppjustert med nødvendige rammer og retningslinjer for slik forvaltning. Eit slikt justert finansreglement skal vedtakast av bystyret før oppstart av forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

9. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

9.1. Risikovurdering

Det skal til kvar rapportering til bystyret gjerast følgjande risikovurdering:

- Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar rekna for drifts- og investeringsføremål og gjeldsporteføljen sett i samanheng,
 - Ein ”netto” gjeldsvurdering som viser kommunen sin renterisiko angitt i NOK ved ein 1 % - del generell endring i rentekurven.

9.2. Kvalitetssikring

Finansforskrifta krev at bystyret skal la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legg rammer for ei finansforvaltning som er i samsvar med kommunelova sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen får ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før bystyret vedtek nytt, endra finansreglement.

Det skal rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane som del av den rapporten som viser utviklinga gjennom siste kalenderår og status ved utgangen av året.